



Frå tingstova til Stortinget

Bøndenes initiativ i debattane om ny sakførarlov 1815–1848

Farmers Between Local Courts and Parliament

– *Towards a Liberal Legislation for the Lawyer Profession 1815–1848*

Eli Morken Farstad

Ph.d.-stipendiat i historie ved program for Kulturstudiar, Institutt for økonomi, historie og samfunnsvitskap, Handelshøyskulen, Universitetet i Søraust-Noreg.

Eli.M.Farstad@usn.no

Samandrag

Artikkelen ser på korleis lokal rettskultur frå norske bygder kom til uttrykk i stortingsdebattar mellom 1815 og 1848. Analysen følgjer bøndenes initiativ for å fjerne regulering av sakførarverksemd, og legg deira erfaringar frå bygdetinnet til grunn for stortingsforslaga. Sporadisk bruk av lekmannsforsvararar kunne skje på tinget, noko som hang saman med det reelle behovet for rettshjelp på bygdene samt ei delvis negativ innstilling til embetsprokuratorar. Bondeforslaga om frislepp frå 1815 og framover fekk aldri flertal i begge avdelingar i den lovgivande forsamlinga. Frå 1830-åra blei bondeinitiativa neglisjert til fordel for ei moderat linje under fana til liberale borgarar, som ville halde på kravet om juridisk eksamen. Den nye lova blei dermed fundert på borgarskapets ideal, meir enn bøndenes erfaringar. Artikkelen foreslår at bøndenes initiativ for frislepp av sakførarnæringa likevel må ha ein sentral plass i forståinga av korleis Noreg fekk ei av dei mest liberale sakførarlovene i Europa i 1848.

Nøkkelord

rettskultur, politisk kultur, bondeopposisjon, stortinget, rettshistorie

Abstract

The aim of this paper is to look at farmers' participation in the debates on judicial aid regulation in Norwegian parliament between 1815 and 1848. The analysis draws a line from the judicial and political culture in rural Norwegian districts to farmers' initiatives in the *Storting*. In the district court, it was to some extent possible for lay people to act in a grey area of the current legislation, which said that only men with a law degree and a certificate from the king could act as lawyers. Some farmers who were elected to parliament proposed that these two criteria should be removed – thus, they suggested a radical change from the legislation which was rooted in the autocratic state before 1814.

The farmers' initiatives never gained plurality in parliament. From the 1830s, a fraction of the opposition consisting of liberals with a bourgeois or civil servant background grew stronger. They continued the farmers' aim of removing the king's control over a professional group whose independence in fact was pivotal for the legal system. However, they wanted to keep the demand for a law degree. Their goal was to cut the string between the king and the lawyers. This was the outcome of the new law of 1848, which turned out to be one of Europe's most liberal at the time. Thus, the law was based on a bourgeois ideal of higher education, rather than farmers' practical experience from the local courts. This article explores how farmers' initiatives played a role in the outcome of 1848, despite their failure to ever gain plurality for their radical propositions.

Keywords

judicial culture, political culture, farmers' opposition, judicial legislation

Innleiing

Dersom ein hadde åtgang til stortingsgalleriet ein junidag i 1845, kunne ein ha observert «temmelig vidløftige og ivrige Debatter» om ein ny lov for å regulere sakførarnæringa i Noreg.¹ Debatten var ikkje ny – i 1842 hadde Ludvig K. Daa kome med eit utkast til ei meir liberal lov enn den som var gjeldande. Dessutan hadde stortingsrepresentantar sidan sesjonen i 1815 presentert forslag til endringar i sakførarlova. Men opposisjonen fekk ikkje gjennomslag for eit liberalt forslag før i 1845.

Nokre bonderepresentantar meinte at reguleringa av sakførarpraksis burde vere minimal. Dette i kontrast til den gjeldande lova frå 1821, som kravde både juridisk eksamen med høg karakter, praksis og – ikkje minst – løyve frå kongen. Sakførarane var altså ein del av embetsstanden fram til midten av hundreåret. Bondeleiaren Ole Gabriel Ueland var ein av fleire som engasjerte seg for eit radikalt frislepp av sakførarnæringa fram mot sanksjonen i 1848. Han sa at lova verken burde inkludere krav om juridisk eksamen eller løyve frå kongen: «Det forekom ham urimeligt, at en myndig Mand skulde være saa bunden, at han ikke skulde kunne benytte Enhver, som han havde Tillid til, som sin Kommisionær.»² Alle lekmenn skulle altså ha lov til å verke som forsvarar sitt tinglag, i tillegg til juristane, meinte Ueland.

Bøndenes ide om eit totalt frislepp av sakførarnæringa fekk aldri fleirtal i Stortinget. Men lova som blei vedtatt i 1845, samt det kompromissprega forslaget som fekk fleirtal og blei sanksjonert i 1848, representerte eit klart brot med lovene frå einveldet. Kravet for å få verke som sakførar var no berre å ha fullført juridisk eksamen med ein viss karakter. Kravet om løyve frå kongen var fjerna, med unnatak for høgsterettsadvokatar. Den oppdaterte reguleringa var eit kompromiss mellom den gamle privilegieordninga og at det skulle vere fritt fram for kven som helst å gå i rette for andre. Staten gjekk frå positiv til negativ kontroll over sakførarstanden, og den nye sakførarlova var av dei mest liberale i Europa på denne tida.³

Mellomvegen hadde støtte frå representantar i dei fleste konstellasjonar på Stortinget i 1848. Den moderate lova harmoniserte med 1840-talets liberalistiske straumdrag og trua på jussens avgjerande rolle i statsutviklinga. Men det var relativt stor avstand mellom desse ideane og erfaringane til folk på bygdene. Då nokre av bøndene ikkje fekk fleirtal for sitt syn, slo Ueland oppgitt fast at «enhver Besträbelse i folkelig retning mødte Modstand, og at den Repræsentant, der talte Nationens Sag og søgte at fremme de folkelige Interesser, udsatte sig for Misnøye og Bebreidelser». Det gjekk altså ei linje over 30 år tilbake i tid: Bøndenes «Besträbelser» for frislepp av sakførarnæringa hadde starta allereie i 1815 – til ingen nytte. Eller?

Marthe Hommerstad har vist at bonderepresentantar gjerne kunne halde ei sak varm på Stortinget ved å kome med stadige forslag, men utan å få gjennomslag. Derfor har dei ofte blitt undervurdert i ettertid.⁵ Bøndenes initiativ til frislepp, basert på rettskulturen i landdistrikta, har i mindre grad blitt inkludert i forståinga av den liberale sakførarlova frå 1848. Artikkelen følgjer desse initiativa og foreslår at tankegods og praksis frå bønder i landdistrikta er ei viktig brikke i utviklinga av den norske rettsstaten i første halvdel av 1800-

1. Halvorsen & Cappelen 1893: 690.

2. Halvorsen & Cappelen 1893: 690; kommisjonær i tydinga person som har fått «tillitsverv» eller «fullmakt» til å forsvare ein tiltalt i ein rettsprosess. Ueland diskuterte reguleringane innafor eit «Værnething», altså rettssubjekts domssokn. Det er usikkert om han inkluderte forsvar i straffesaker i sitt resonnement, særleg fordi referentlova av 1827 var gjeldande.

3. Rinde 2008: 71; Od. Th. 18.06. 1845: 123.

4. Halvorsen & Cappelen 1893: 690.

5. Hommerstad 2019: 181.

talet. Kva slags rolle spelte bøndene i debattane om sakførarlov, og kvifor kom dei til kort med forslaga i nasjonalforsamlinga? Og til slutt: Kva slags linjer kan ein dra frå lova av 1848 til utviklinga i norsk politisk kultur i siste halvdel av 1800-talet?

Forskningslitteratur

Av eldre bidrag må teoriane til Jens Arup Seip og Francis Sejersted nemnast. Dei var begge enige i at embetsmennene hadde hegemoni i statsstyringa i perioden, sjølv om dei ikkje analyserte motiva til embetsmennene likt.⁶ Medievitar Anders Johansen har i sin studie av politisk kommunikasjon nyleg peika på korleis stortingsbøndene kom til kort i møte med embetsmenn og borgarar. Stortingsaktiviteten til sistnemnte var prega av «en retorisk overlegenhet som fikk andre til å føle seg små».⁷ På den andre sida har Marthe Hommerstad nyleg vist at stortingsbønder arbeidde målretta for mange saker dei første tiåra etter 1814.⁸ Ho har i tillegg lagt vekt på bøndenes rolle i debattar der dei ikkje fekk gjennomslag, men likevel bidrog til endring.⁹

To verk har vore bakgrunn for stortingsanalysen i tillegg til primærkjeldene: Carl Dunker har skrive hovudoppgåve om debattane på vegen mot ny sakførarlov, men ser mindre på dei radikale forslaga frå bønder og praksisen deira lokalt.¹⁰ Harald Rinde og Hans Eyvind Næss skriv grundig om utviklinga av sakførarprofesjonen i bygd, by og på Stortinget, der dei også inkluderer bøndenes aktivitet, i *Väpendrager og veiviser: Advokatenes historie i Norge*. Denne artikkelen koplar stortingsanalysen i større grad til lokal rettskultur der også ikke-juristar kunne verke som forsvavar i rettssystemet, samt at den legg meir vekt på bøndenes press frå og med 1815 i forståinga av utfallet i 1848. Tolkinga bygger også på forskningslitteratur om lokal rettspraksis frå Jørn Øyrehaben Sunde, Hilde Sandvik og Halvdan Koht.¹¹

Litt om omgrep

Artikkelen tar for seg debattane om ny *sakførarlov*. Før 1848 blei ein sakførar som verka i underretten og overretten, kalla «prokurator» og i Högsterett «advokat». Omgrepet «sakførar» blei ikkje tatt i bruk i stor grad før på 1840-talet. Det var for generisk og dessutan ikkje kjend for allmugen, meinte revisjonskomiteen på Stortinget i 1821.¹² «Kommisjonær», slik Ueland brukar det i sitatet i innleiinga til denne artikkelen, ser ifølgje *Storthings-Efterretninger* ut til å ha vore synonymt med «prokurator».¹³ «Profesjonell rettshjelpar» er meint i same tyding som sakførar. Rettshjelp er i artikkelen snevra inn til å handle om bistand i rettargangsprosess og altså ikkje rådgiving knytt til juridisk papirarbeid o.l.¹⁴

6. Seip 1997: 61; Sejersted 1984: 62; Nordby 2004: 66.

7. Johansen 2019: 227.

8. Hommerstad peikar på ulike forklaringar på kvifor bøndene kunne streve med å få gjennomslag før 1833, utanom det faktum at bøndene var i mindretal. Få av dei fekk plass i komitear på Stortinget før 1830, og bonderepresentantane blei gjerne eksponert for latterlegging og hersketeknikkar. Hommerstad 2012: 269ff.

9. Hommerstad 2019: 181.

10. Dunker 2005: 6.

11. Sunde 2009 og 2019; Sandvik 2002 og 2014; Koht 1906: 98. Sjå også Farstad 2020.

12. Od. Th., 02.05.1821: 461; «Sagfører» blei rett nok brukt mellom anna i stortingsforhandlingane i 1830, sjå Od. Th. 29.07.1830: 919.

13. Halvorsen & Cappelen 1893: 690.

14. Juridisk rettleiing utanfor rettsprosess var ikkje regulert like strengt. Lekfolk kunne til dømes finne hjelp i bøker som Bährens «Formularer...», og det var ikkje lovstridig å spørje andre om hjelp til juridisk papirarbeid og rådgiving. Lensmannen spelte ei viktig rolle her. Bährens advarte rett nok mot dei såkalla vinkelskrivarane, som «liig Iglen, sue langsomt ...». Bährens 1820: 1.

Eg tar utgangspunkt i Karin Sennefelt sin breie definisjon av *politisk kultur*, som går utover rammene for dei politiske institusjonane og inkluderer normer, idear, symbol og praksis som omringar maktinteraksjonen.¹⁵ På den måten ser eg *rettskulturen* som ein del av den politiske kulturen, og omvendt. Det bygger på Sunde sin definisjon av rettskultur, som ser på «den totale rettskulturen» som noko meir enn smal, juridisk kultur. Den er også avhengig av «materielle og intellektuelle forhold i det samfunnet retten verkar».¹⁶ Analysen viser korleis rettskulturen spela inn på maktinteraksjonen i og rundt Stortinget.

Lov og praksis før 1848

Reguleringa av sakførarnaeringa i Noreg før 1848 hadde ein klar kontinuitet frå einveldet. Bandet mellom statsmakta og prokuratorane gjekk langt tilbake i tid, og frå 1810 var det klart at berre kongen skulle kunne gi løyve til juristar som ønskte å verke som sakførarar.¹⁷ Som den radikale skribenten Peder Soelvold presiserte på 1830-talet: Denne lovfesta lojaliteten var bakvendt, all den tid ein prokurator «egentlige Bestilling» var å «bistaae hver enkelt Borger, endog imod Staten».¹⁸ Mange embetsprokuratorar hadde eit sterkt medvitt om rettsstatsprinsippa og ønskte å syte for at rettssubjekta fekk ein dom i tråd med gjeldande rett. Men i kjeldene finst det også døme på embetsprokuratorar som vanskjøtta sitt embete og ikkje gav tiltalte frå allmugen det forsvarer dei hadde krav på. Dette førte til ein relativt markant mistillitskultur mellom allmugen og embetsprokuratorane, som hadde linjer langt tilbake i tid.¹⁹ Dette var problematisk, fordi det stadig meir lukka rettssystemet gjorde at fleire og fleire var avhengig av rettshjelp for å få ein rettferdig dom.²⁰

Talet på embetsprokuratorar i Noreg låg jamt på omrent 100 i snitt mellom 1814 og 1850.²¹ Det vil seie at kvart amt sjeldan hadde meir enn fire til fem tilgjengelege prokuratorar med løyve. I tida rundt 1830 var det i snitt 3 075 saker som blei behandla i underretten årleg. Dette talet er ikkje medrekna tvistane i forlikskommisjonen, der prokuratorar ikkje hadde lov til å verke.²² Mange av prosessane på tinget kravde ikkje profesjonell rettshjelp, men i takt med eit meir komplisert rettssystem auka allmugens behov for hjelp. Berre i 1831 var 1400 menneske sikta for brot på eigedomsretten, altså tjuveri og liknande – dette var straffelover som ramma allmugen med få ressursar hardast.²³ Trass i denne utviklinga var talet på embetsprokuratorar jamt lågt fram til 1848.

Jørn Øyrehagen Sunde har foreslått at sakførarpraksis i Noreg har vore eit resultat av det reelle behovet for rettshjelp heller enn statsmaktene sine lovreguleringar.²⁴ I ein studie av tingbøkene frå Nordre Bergenhus etter 1735 viser han korleis stiftamtmannen tilsette «ein lokal person, som oftast lensmenn» som forsvararar i offentlege saker med heimel i § 14 i Rettspleieforordning II.²⁵ Den sa at ein «anden duelig Mand» kunne få løyve til å forsvare ein tiltalt dersom han kunne gjere det for «billigere Betaling».²⁶ Vidare viser ein næurstudie

15. Sennefelt 2001: 18.

16. Sunde 2009: 15.

17. Timme 1842: 521.

18. Rinde 2008: 69.

19. Sunde 2019: 213; Næss 2008: 43 ff.; Farstad 2020.

20. Sunde 2019: 230–231.

21. Myhre 2011: 43; Nokre av desse var advokatar i Høgsterett, andre var i overretten, i tillegg til underretten.


22. Thime 1991: 73.

23. Langeland 2005: 66. Referentlova frå 1827 fjerna ikkje retten til å bruke prokurator, men retten til å få ein offentleg utnemnt forsvarar i straffesaker. Truleg brukte fleire sikta framleis prokurator i tillegg til referenten, som allmugen i Romsdals Amt i den såkalla «Stry-saka». Farstad 2020.

24. Sunde 2019: 214.

25. Sunde 2009.

26. Schou 1795: 189.



Illustrasjon 1. Politikken som blei fremma på Stortinget, var mellom anna prega av bøndenes erfaringar frå tingstovene i sine heimdistrikte. Teikning av Adolph Tidemand, «En rettsscene på landet».

Henta frå Nasjonalmuseet.

av ei sak i Romsdals Amt på 1830-talet at ein lekemann kunne få sakførarløyve av øvrigheita i ei alvorleg straffesak.²⁷ Den juridiske aktiviteten til bondeleiaren John Neergaard er også relevant. Han arbeidde for å bryte ned statusen til embetsprokuratorane ved å sjølv ta rolla som forsvarar på bygdeting på Nordmøre på 1830-talet.²⁸ Ei anna kjelde som viser til lekemannspraksisen, er eit utsegn frå Justiskomiteen på Stortinget i 1845. Der slår dei fast at «[d]en Sætning, at Ingen maa gaa i Rette for Andre, uden af Kongen at være dertil besiktigget, er heller ikke med Strenghed overholdt i den nu gjeldende Lovgiving ...».²⁹ Særleg i underretten skjedde det «hyppig» at forsvararar var «saa langt fra at være besikkede Prokuratorer, at de ikke engang have underkastet sig nogen Examen», slo komiteen fast.³⁰

Det fanst altså eit visst handlingsrom i landdistrikt før 1848 for lekmenn som ville gå i rette for andre, sjølv om lovene i liten grad opna for dette. Dermed svekka desse «bygdeprokuratorane» legitimeten til embetsprokuratoren: Privilegia var i realiteten ikkje totale. Truleg viste lokal praksis at andre enn embetsmenn kunne vere kyndige juristar. Praksisen forma folk – ikkje minst stortingsbøndene – sine idear om maktforholda i samfunnet. Som Hilde Sandvik presist har slått fast: «[D]et som skjedde på tinget, ble tankegods.»³¹

27. Farstad 2020.

28. Koht 1906: 98; Brovold 1991; det er uklart om Neergaard tok rolla i prosessar der embetsprokuratorar hadde «næsten udelukkende Ret», eller om han heller verka som verge for m.a. umyndige rettssubjekt, som hadde rett til å bruke «private Retsfuldmægtiger» i sin stad. Sjå Schweigaard 1879: 135–136.

29. Od. Th. 18.06.1845: 121–122.

30. Od. Th. 18.06.1845: 121–122.

31. Sandvik 2002: 11.

Regelen var likevel at embetsjuristane tok seg av forsvarspraksisen. Og det var særstakt allmugefolk som hadde høve til å ta juridisk eksamen i Noreg på midten av 1800-talet.³² Bøndene hadde rett nok roller i systemet: Mange bønder var lensmenn, dei kunne bli forlikskommisær, og i tillegg blei dei fleste rutinemessig kalla inn som lagrettemann – men alle desse titlane var avhengig av utpeiking frå amtmann eller ein annan representant frå øvrigheten i amtet. I tillegg kunne nokre få bondesøner få jobb som assistent på sakførarkontoret. Folk flest hadde likevel eit relativt smalt handlingsrom.

Grunnlovas § 101 sa at staten ikkje skulle stå til hinder for næringsfridom, og i den lågkimen til å avvikle privilegesamfunnet. Kva slags næringar som skulle få frislepp, var det naturleg nok ikkje alltid einigheit om.³³ Når det handla om å svekke reguleringar som galdt embetsstanden, kunne den mektige gruppa av embetsmenn vere meir motvillige til å følgje Grunnlova.³⁴ Særleg frå 1830-åra gjekk lovginga meir i takt med paragrafen og klassisk liberalistisk ideologi. Dette er ein del av forklaringa på kvifor det tok lang tid å vedta ei ny og meir liberal sakførarlov. Mange embetsmenn var dessutan opptekne av å tene borgarskapet i byane og å legge til rette for økonomisk vekst for denne gruppa, med ein nattvektarstat som ideal. Men dei var i realiteten opptekne av å kontrollere denne *laissez faire*-utviklinga i Noreg, mellom anna fordi dei meinte at ein stor del av folket enno ikkje hadde danning nok til å dytte nasjonen i riktig retning.³⁵ Dette galdt representasjon i Stortinget, men også kven som skulle kunne utføre ein profesjon innanfor statens system. Mange av stortingsrepresentantane frå embets- og borgarstanden hadde levd i landdistrikta, men mangla personlege erfaringar frå bygdetingen. Dei var prega av eit borgarleg utdanningsideal og tok klart avstand frå lovforslag om å fjerne krav om juridisk eksamen for å kunne gi profesjonell rettshjelp.³⁶

Stortingsforhandlingar 1815–1848

Bønder og eit aukande tal liberale borgarar snakka for ei liberalisering av sakførarlova i perioden.³⁷ Dei hadde ulike motivasjonar: omsyn til bønder og til dels allmuge, å bygge ei ny mellomklasse med frie juristar eller å verne om dei beståande strukturane og unngå radikalisering på 1840-talet. Den vidare analysen ser særleg på bøndenes argumentasjon for totalt frislepp av næringa og korleis debatten frå 1830-åra dreia inn på ein mellomveg som til slutt resulterte i ei ny, moderat sakførarlov med framleis krav om juridisk eksamen. Analysen tar utgangspunkt i trykte *Stortingsforhandlinger* og *Storthings-Efterretninger* samt arbeida til Dunker, Rinde og Næss.

Fram til 1833: Bønder for totalt frislepp – ikkje gjennomslag

Allereie på Stortinget i 1815 foreslo ein bonderepresentant å fjerne reguleringane av sakførarstanden. Lensmann og bonde i Øvrebo i Vest-Agder Christen Osmundsen sendte saman

32. Myhre 2011: 46.

33. Rinde 2008: 67.

34. Rinde 2008: 67.

35. Rune Slagstad har kalla dette «den statlig lutrede liberalisme», der statleg kontroll gjekk i hop med liberalistiske grunnprinsipp. 2001: 68.

36. Seip 1997: 98; ein kan kople denne elitegruppa sitt hegemoni opp mot Rune Slagstads omgrep «kunnskapsregime», med A. M. Schweigaard og F. Stang i spissen frå 1830-åra. Basisen for regimet og visjonane for utviklinga av staten var juss og samfunnsvitskap – noko som klart braut med radikale bønder sine erfaringar frå periferien. Sjå Slagstad 2001: 18 ff. Fleire historikarar har peika på omgrepene som diffust og lite treffande, sjå t.d. Nordby og Kjeldstadli i Rudeng (Red.) 1999.

37. Borgarar forstått som ein «sosial overklass» i Noreg, beståande av «embetsstanden og det øvre handelsborger-skapet», men som var progressive i tolkinga av liberal statsteori. Sjå Bull 2014: 140.

med nokre sambygdingar inn eit forslag om at «Procuratorer maatte avskaffes».³⁸ Meir står det ikkje i *Stortingsforhandlingene*. Det er vanskeleg å vite om dei meinte at forsvararrolla var eit vonde i det heile, eller om forslaget hadde som mål at kven som helst skulle kunne gå i rette for andre. Forslaget blei sendt til komitebehandling, men blei aldri tatt opp igjen. Som Dunker foreslår, blei dette truleg avfeia som uansvarleg og lite gjennomtenkt bondepolitikk.³⁹

Ein større debatt kom av den såkalla «prosedyrestriden» i 1815: Skulle det bli lovleg med skriftleg prosedering i Högsterett, eller skulle ein halde fram med munnleg form i siste instans?⁴⁰ Her blei prokuratorane og advokatane naturleg nok via merksemd. Debattane viser at nokre utanfor bondesamfunnet – med amtmann og tidlegare prokurator Christian Magnus Falsen i spissen – meinte at embetssakførarane var altfor komfortable i sin privilegerte posisjon i 1815.⁴¹ Falsen «hevdet lekfolkets rett til å selv prosedere sine saker» og gjorde narr av embetsprokuratorane, skriv Johansen.⁴² Den konservative regjeringsadvokaten Bredo von Munthe af Morgenstierne, som ville halde på munnleg form, slo fast at det var nødvendig med «større Talenter» for å mestre forsvarskunsten.⁴³ Debatten ebba ut då kongen nekta sanksjon av Stortingets vedtak om skriftleg prosedyre. Det er uansett verd å notere seg at Falsen var talsperson for å fjerne reguleringane for sakførarar, om enn under pseudonym. Han ser ut til å ha vore den einaste stemma frå embetsstanden som argumenterte i favor av lekmenn så tidleg, men Falsen markerte seg ikkje i dei seinare debattane fram til han døydde i 1830.

I mars 1821 kom to separate forslag frå bønder som ville av med embetsprokuratorane. Gardbrukar Jacob P. Bolstad frå Hedmark la fram eit forslag om at «Sager maatte uden Benyttelse af Procuratorer behandles ved Retterne».⁴⁴ Forslaget var eit tydeleg uttrykk for at embetsprokuratorar hemma rettssystemet – men det var særsparsamt formulert. Det vitast ikkje om innsendarane meinte at alle skulle gå i rette for seg sjølv, altså at all prosessrettshjelp skulle elimineraast, eller om ein skulle kunne få rettshjelp frå kven som helst – i likskap med forslaget frå 1815. Forslaget var uansett uttrykk for erfaringar frå landdistrikta. Likevel blei dei lagt vekk utan vidare grunngjeving. Formuleringane viser korleis forma på forslaga kunne bidra til at ei bondesak ikkje blei tatt på alvor av fleirtalet.⁴⁵ I tillegg var forslaget heilt klart for radikalt i sitt innhald til at fleirtalet av embetsmenn på Stortinget skulle stemme for det.

To veker etterpå kom den radikale bonden Anders B. Aasved frå Nordre Trondhjems Amt med eit meir velformulert forslag i Odelstinget: «Paa Landet ingen Procurator maa paatage sig Sager at Udføre, uden med begge Parters Samtykke, men at derimod enhver anden god Mand kan antages til Sagfører.»⁴⁶ Aasved argumenterte tydeleg på vegne av all-

38. Od.Th., 02.02.1815: 152; les meir om Osmundsen i Try 2020: 67–79.

39. Dunker 2005: 32; i tillegg var Stortingets saksmengde stor desse åra, kombinert med eit stadig press frå Karl Johan om å opplyse sesjonane.

40. Johansen 2019: 163.

41. Falsen hadde sjølv verka som prokurator før 1810, men var særsparsamt oppteken av at embetsmenn «hadde større forpliktelser til staten», skriv Hommerstad. Falsen var også den første som fremma forslag om offentleg votering i Högsterett i 1821, som viser korleis han såg på juristane si rolle i offentlegheita på denne tida. Hommerstad 2019: 176.

42. Johansen 2019: 164; sjå også Østvedt 1945: 309.

43. Johansen 2019: 163.

44. Od. Th. 23.03.1821: 379.

45. Det er også mogleg at referenten i *Stortingsforhandlingene* har forenkla formuleringa.

46. Od. Th. 30.03.1821: 395; Aasved var i kompaniskap med den radikale Hans Barlien frå same stad og hadde dessutan erfaring som sorenskrivarkontorist. Aavatsmark 1954: 153; Dunker avskriv Aasved som ein ikkje særleg seriøs person. Dunker 2005: 40; djupare lesing om Aasved slår sprekker i denne teorien. Sjå Sterten 2004: 21–26.

mugen i landdistrikta. Det var til dømes uheldig at fattigfolk som trøg hjelp, ikkje takla utgiftene ein embetsprokurator kravde, sa han. Dette forslaget blei sendt til komiteen som arbeidde med proposisjonen til ny sakførarlov frå Karl Johan. Det ser ut til at Aasved var meir taktisk enn Bolstad her – å hekte saka på komitebehandlinga gjorde at forslaget ikkje kunne bli totalt ignorert. Men forslaget blei kontant avvist: Komiteen, med trønderen Christian Krohg som leiar, slo fast at ein måtte ha «visse af Staten autoriserede fagkyndige Mænd ...» for å unngå «vankundige Vinkelstriveres Vinde syge og Rænker».⁴⁷ Denne formuleringa viser tydeleg korleis den etablerte eliten såg på lekmannsforsvararar som ein trussel mot eit fungerande rettssystem. Responsen viser også korleis embets- og borgareliten hadde vanskeleg for å sette seg inn i allmugen sitt behov for rettshjelp.⁴⁸

Følgen af, at Forfatterens Forslag blev Lov, vilde rimeligvis blive, at den Landmand, der ei følte sig kyndig nok til selv at tale sin Sag for Nettet, istedetfor at funne benytte en duelig offentlig Sagfører, hvis Brug hans Bederpart ei vilde være fôielig nok til at indrømme ham, blev given til Priis for vanfundige Vinkelstriveres Vinde syge og Rænker.

Illustrasjon 2. Utsnitt frå trykte stortingsforhandlingar der revisjonskomiteen slår fast at ideen om lekmannsforsvar er uakseptabel.

Henta frå Stortingsarkivets netteneste *Finn saken* (Od. Th. 20.08.1821 (Tillægshefte): 93).

Analysen av bøndenes initiativ må inkludere store lovendringar for sakførarnæringa som blei vedtatt på 1820-talet.⁴⁹ Kong Karl Johans proposisjon til ny sakførarlov i 1821 blei glatt behandla av eit Storting med embetsmannsdominans. Som Dunker har presisert, bidrog lovendringene «til å gjøre prokuratorene til fortsatt lydige redskaper for statsmakten».⁵⁰ Ingen av dei 24 bøndene som var representantar i 1821, involverte seg i debatten om forslaget ifølgje kjeldene, men kom i staden med dei to frittståande forslaga. Det kom heller ikkje fleire forslag om liberalisering gjennom 1820-talet. Tvert imot blei også referentlova vedtatt i 1827. Den signaliserte eit skritt tilbake i synet på forsvararens funksjon i systemet: Referentlova fjerna retten som tiltalte i straffesaker hadde til offentleg utnemnt forsvarar, ei lov som hadde eksistert sidan 1735.⁵¹ Etter 1827 skulle ein «referent» utnemnt av øvrigheita fungere som både aktor og prokurator i straffesaker. Lova sendte signal om at prokuratoren ikkje hadde ei viktig rolle som partsrepresentant i møte med dommaren, sjølv om ein fram-

47. Od. Th. 20.08.1821 (Tillægshefte): 93; «Rænker» i tydinga underfundig handling, truleg om det Hilde Sandvik har kalla «de retoriske prokuratorballettene», sjå Sandvik 2002: 120.

48. Dunker 2005: 41.

49. Farstad 2020.

50. Dunker 2005: 42; eit votum frå kjøpmann J. Young og Carl Falsen tok til orde for å hjelpe dei som hadde spart pengar for å kunne ta eksamen ved universitetet, til å komme raskare i gang med profesjonen, men forslaget blei nedstemt. Lagth. 11.05.1821: 771.

51. Sunde 2019: 214.

leis hadde lov til å bruke prokurator.⁵² Som Rinde har peika på, førte lova til svakare rettstryggleik, som Stortinget også slo fast då den blei oppheva i 1866.⁵³ Sjølv om det fanst radikale bønder på sesjonen i 1827, er det ikkje mogleg å finne noko i debatten om referentlova som syner bondeinitiativ for å utvide handlingsrommet til folk i rettssystemet. Ein grunn til dette kan vere at bøndene var positive til ideen om å fjerne embetsprokuratoren frå ei rolle som framheva hans posisjon i systemet.⁵⁴

Men bondeforslaga i perioden viser at å fjerne privilegia for embetssakførar var av interesse for stortingsrepresentantar frå landdistrikta, og at dette blei sett på som for radikalt av fleirtalet på Stortinget. I tillegg ser vi at forma og retorikken kunne vere til hinder for ei seriøs behandling i den lovgivande forsamlinga. Nokre bønder mangla dessutan forståing av saksgangen på tinget, som svekka sjansane for å bli tatt på alvor. At bøndene ikkje tok ordet i debattane om referentlova på sesjonen i 1827, som til dømes agitatoren og bygdesakføraren John Neergaard kunne gjort, er merkeleg. Neergaard kom heller med initiativ for mellom anna endring av vallova, lova om benefisert gods samt husmannsbarn sin rett til bygsel. Det var altså andre saker som sto høgare på agendaen for radikale bønder enn spørsmålet om lekmannsforsvararar.

1833: Inn på ein mellomveg

I 1830-åra klarte bøndene for første gang å mobilisere til stortingsval i stor skala, slik at dei talte fleire enn embetsmennene på tinget. Men saka om fjerning av sakførarprivilegium var framleis ikkje på topplista over saker bøndene prioriterte å løfte til dagsorden.⁵⁵ Likevel kan vi finne nokre initiativ i stortingsforhandlingane.

Det kom eitt relevant innspel i debatten om frislepp på sesjonen i 1833. Peder Soelvold fekk inn forslaget via kumpanen Neergaard, som det året sat i Odelstinget.⁵⁶ Soelvold foreslo då å framleis krevje juridisk eksamen for sakførarar, men å kutte bandet til kongen. Rinde har peika på at forslaget markerer ei vending i forslaga frå opposisjonen. Soelvold var i denne saka mindre oppteken av praksis i landdistrikta og dikotomien bønder versus embetsmenn. Han tufta sitt forslag på ein hybrid av liberalistisk ideologi og trua på verdien av universitetsutdanning.⁵⁷ Agget mot embetsmenn, som Soelvold og avisas *Statsborgeren* var notorisk kjend for, var stadig med, all den tid forslaget handla om å kutte bandet til kongen. Men husmannssonen frå Telemark såg altså annleis på lekmannens rolle i rettssystemet enn bøndene bak dei tidlegare forslaga om frislepp. Han var ifølgje Rinde påverka av liberale borgarar som Ludvig K. Daa og juristen Fredrik G. Lerche, som etter kvart gjekk tydeleg inn for eit slikt frislepp med modifikasjonar.⁵⁸ Historikarar har meint at særleg Daa gav støtte til bondeopposisjonen med mål om å «skape et nytt tyngdepunkt i politikken med utgangspunkt i en middelklasse av selvstendige og velstående gårdbrukere og kjøpmenn».⁵⁹

52. Referenten skulle rett nok vere ein sakførar, fogd eller «en anden duelig Mand [...] uden følelig Ulempe for det Offentlige». Od. Th. 09.07. 1827: 218.

53. Rinde 2008: 77.

54. Paragrafen om offentleg utnemnt prokurator i straffesaker frå 1735 førte til at fleire og fleire såg behovet for å bruke prokurator, ifølgje Sunde 2019: 215.

55. Det kom ymse småforslag på sesjonane gjennom 1830-talet: om løn (Od. Th. 29.07.1830: 919; Od. Th. 14.03.1833: 307; Od. Th. 29.03.1833: 481), til lov om underrettsprokuratorens plikter og rettar (Od. Th. 8.03.1836: 166) og om å senke karakter- og praksiskravet for embetsprokuratorar (Od. Th. 1.03.1839: 179 og 212). Sjå også Haukaas 1992: 130 og Farstad 2020, om prokurator Jordhøy som kom med forslaget i 1836.

56. Od. Th 1.03.1833: 268.

57. Rinde 2008: 69.

58. Rinde 2008: 69; Jonas Anton Hielm er også ein truleg inspirasjon. Sjå Nymark 2020: 88.

59. Rinde 2008: 69; rett nok er «gårdbrukere og kjøpmenn» ein for smal definisjon. Storsveen formulerer gruppa som «borgere og jordeiere», som er meir presist, fordi det inkluderer juristane, som openbart var ein viktig del av mellomklassa. Sjå Storsveen 2009; Seip 1997: 171.

Jens Johan Hyvik skriv at Daa kunne argumentere på vegne av bøndene samstundes som han var prega av integrasjonstanken som var vanleg for eliten i samtida: at bøndene hadde ting å lære av borgarskapet og embetsmennene, og omvendt.⁶⁰ Det var truleg ein del av hans strategi for å få gjennomslag for sin mellomveg. At den radikale Soelvold, via Neergaard, gjekk inn på denne mellomvegen, kan synast å vere overraskande. Likevel gjekk ikkje forslaget om juridisk eksamen på akkord med deira agg mot embetsmennene. Forslaget i 1833 slo beina under embetsmennenes monopol – men blei nedstemt.



Illustrasjon 3. Ludvig K. Daa vaks opp som presteson i Saltdal og Jølster. Som stortingsmann henta han truleg meir frå borgarideala enn den lokale kulturen i prestegjeldet, sjølv om begge element må ha vore med på å forme han. Jølster portrettert av Nikolai Astrup, «Soleienatt».

Henta frå Wikimedia Commons.

Daa blir ofte nemnt som ein representant som forsøkte å bli ein leiarskikkelse i opposisjonen på Stortinget, men som feila.⁶¹ Likevel, ideane hans til ny sakførarlov fekk etter kvart gjennomslag i Stortinget og blei den linja som til slutt vann fram. Frå 1833 og framover blei forslag som gjekk inn for å fjerne både krav om eksamen og kongeleg løyve, i realiteten dytta til side.⁶² Det moderate synet var meir på linje med ideologiske straumdraga i tida, i tillegg til trua på at kunnskap om den lærde retten var elementært for utviklinga av ein sunn stat. Dette synet harmoniserte truleg ikkje like godt med dei ufaglærte bøndenes erfaringar frå deira lokale tinglag.

60. Hyvik 2016: 74.

61. Hyvik 2016: 73; Storsveen 2009.

62. Dunker 2005: 50.

1842: Liberale borgarar på offensiven

Ludvig Kristensen Daa hadde levd mesteparten av livet i langt meir urbane strøk enn folk flest. Han var rett nok av presteslekt og vaks opp i Saltdal og Jølster. Som ungdom flytta han til Bergen for å studere og så vidare til Christiania av same grunn. Han levde også ei tid i Trondhjem, der han blei sterkt påverka av stortingsmannen og juristen Christian Krohg.⁶³ Å seie at Daa mangla erfaring frå landdistrikta, vil altså vere upresist – men det er utvilsamt at han var forma av sitt lange utdanningsløp i byane frå ungdomstida og vidare. Han var heilt klart ein del av borgarskapet og var også også av embetsslekt. Forslaget som fekk gjennomslag i sakførarlovdebatten, kom dermed ikkje frå ein bonde, men frå ein liberal borgar med universitetsutdanning og erfaring frå både bygd og kjøpstadar.

Daa la fram «Forslag til Lov om Sagføreres fremtidige Ansættelse og Stilling» 2. mars 1842.⁶⁴ Det var ført i pennen av høgsterettsadvokat og lyrikar Henrik Anker Bjerregaard og foreslo at

... Sagførerne for Fremtiden skulle ophøre at være Kongelige Embedsmænd, og at det skal staae Enhver, der har fyldt 25 Aar, og underkastet sig juridisk Embedseksamen med en vis Charakteer, aabent at udføre Sagførerforretninger ved alle Retter i Riget, med Undtagelse af Høiesteret, uden at denne Adgang skulde være betinget af nogen Autoritets Indvilgelse eller bundet til noget bestemt District.⁶⁵

Målet var at alle som hadde fullført juridisk eksamen med ein viss karakter, skulle kunne bli sakførar – dei ufaglærte bøndene skulle altså ikkje få handlingsrom som potensiell forsvarar ifølgje Daa og Bjerregaard.

Justiskomiteen hadde ei rekke med ankepunkt til forslaget. Fleirtalet erkjente rett nok at det var «naturligt og riktig» at ein skulle stå så fritt som mogleg til å «anvende sine Evner og Kundskaber av ethvert Slags».⁶⁶ Likevel nølte komiteen: Jobben til sakføraren kravde innsikt i den omfattande prosesslovgivinga, og derfor måtte ein behandle slike endringsforslag «med Forsiktighed».⁶⁷ Dei presenterte deretter ei rekke praktiske argument som tala for å halde fast på bandet mellom statsmakta og prokuratorane.

Dunker foreslår på «seipsk vis» at argumenta dels var vikarierande motiv: Komitemedlemmane – mange av dei embetsmenn – såg ikkje lyst på eit frislepp som svekka innflytelsen til deira eiga gruppe i samfunnet.⁶⁸ Dette er mykje av forklaringa på kvifor komiteen avviste Daas forslag i 1842. Og sidan komitemeldinga kom så seint i stortingssesjonen, rakk ikkje Odels- og Lagting å stemme over forslaget. Men fråsegna frå komiteen viste likevel at nye, liberale straumdrag for alvor utfordra embetsmennenes komfort. Dessutan meistra Daa både forma og retorikken på Stortinget, og dermed kunne også innhaldet i forslaget nærme seg embetsmennene i større grad. Dette fekk konsekvensar. Kombinert med dei liberale straumdraga i samtidia nærma Stortinget seg semje om ei ny, meir liberal lov med utgangspunkt i forslaget frå Daa.

1845: Komiteen gir fleirtal for frislepp med modifikasjoner

I februar 1845 la Daa fram forslaget igjen, og denne gongen ville fleirtalet i komiteen godkjenne utkastet. Fleire interessante poeng kom fram frå positive eksponentar. Først at ver-

63. Juristen Krohg frå Munkvoll i Trondhjem kom med eit utsegn om faren for ufaglærte prokuratorars «vindesyge og rænker» under stortingsdebatten i 1821, sjå s. 233.

64. Od. Th. 02.03.1842: 123.

65. Od. Th. 16.09.1842: 897.

66. Od. Th. 16.09.1842: 898.

67. Od. Th. 16.09.1842: 897.

68. Dunker 2005: 64.

ken England, Frankrike eller Sverige opererte med kongeleg løyve for sakførarar.⁶⁹ Det blei også vist til to punkt som peika i retning av fjerning av utdanningskravet. I Sverige kunne «enhver uberygtet Mand afgive Møde for Andre i Retten», sjølv om det visstnok i praksis var ein viss kontroll av utdanningsnivået deira når dei «i Retten blive Antaget».⁷⁰ Vidare slo komiteen fast at ein i Noreg uansett ikkje strengt følgde «den nu gjeldende Lovgivning» i praksis, som vist i innleiinga.⁷¹ Dette viser at den lovgivande forsamlinga var klar over at praksis i underretten ikkje samsvara med lovtekstane som skulle regulere den. Dessutan viser komitefråsegna at Stortinget måtte ta stilling til praksis i landdistrikta når dei diskuterte lovendringar.

Embetsmenn var i fleirtal i komiteen i 1845, og nokre meinte at det var problematisk å lempe på reguleringane. John Collett P. Elieson, prokurator og tidlegare sorenskrivar i Øvre Telemark, slo fast at det burde vere i alle si interesse å unngå at «enhver ruineret Eventyrer» kunne få jobb som sakførar.⁷² Likevel braut fleirtalet i komiteen med det konservative synet. Dei slo mellom anna fast at alle juristar skulle få løyve til å drive sakførarpraksis dersom det ikkje fanst bevis for «Uvederheftighed». Staten skulle altså gå frå positiv til negativ kontroll over sakførarstanden.

Til slutt gjekk dermed komiteen inn for ei drastisk endring i reguleringa av rettshjelp i Noreg. Konklusjonen enda for første gong med eit fleirtal for å fjerne privilegia for sakførarar – men utdanningskravet sto framleis fast. Argumenta om praksisen i Sverige og i norske landdistrikta var ikkje viktige nok til å snu komitefleirtalets syn på viktigheita av juridisk utdanning.

1845: Ueland foreslår fjerning av utdanningskrav

Stortinget skulle vise seg å vere einig med komitefleirtalet. Nokre bønder gjorde seg merka i debatten, som Ueland frå Stavanger Amt og den mindre kjente Tormod Knudsen Borgjordet frå Bratsberg. Begge meinte at det burde opnast for at lekmenn utan juridisk eksamen skulle få lov til å verke som sakførarar. Ueland kom, som vist i innleiinga til artikkelen, med eit skriftleg votum om saka i Odelstinget der han slo fast at ein burde gi «enhver bosat og uberygtet Mand Tilladelse til ved sit Værnething at gaa irette for Andre».⁷³ Han slo fast at det var urimeleg at staten skulle bestemme over ein myndig mann dersom han ønskte å bruke nokon «som han havde Tillid til», som forsvarar.⁷⁴ Sørvestlendingen brukte også historia som argument og peika tilbake til Magnus Lagabøtes Landslov som den ideelle reguleringa av forsvararane, nemleg at alle menn med tillit hadde lov til å gå i rette for andre i mellomalderen. Det var no var rimeleg å «bringe Sagen tilbage til den Stilling». Dette var særleg fornuftig fordi «Oplysningen var saameget mere udbredt blandt Folket» i 1845.⁷⁵ Staten måtte gi folket «Frihed til at bevæge sig paa en fornuftig Maade». Det moderate lovforslaget frå Daa innebar ifølgje Ueland at «man forlænge blive staaende paa Halvvegen».⁷⁶

69. Od. Th. 18.06.1845: 119.

70. Od. Th. 18.06.1845: 120.

71. Od. Th. 18.06.1845: 122.


72. Od. Th. 18.06.1845: 123.

73. Od. Th. 19.06.1845: 127.

74. Halvorsen & Cappelen 1893: 690; omtrent samstundes blei myndigheitsstatusen til ugifte kvinner over 25 år jamm med den for «mindreaarige Mandspersoner» mellom 18 og 25 år. Od. Th. 13.05.1845: 346. Kvinner som forsvararar på tinget var likevel ikkje inkludert i Uelands argumentasjon her. For ei drøfting av kvinnenes myndigkeit i lokal rettspraksis, sjå Sandvik 2002.

75. Halvorsen & Cappelen 1893: 690.

76. Od. Th. 14.06.1845: 137.



Illustrasjon 4. Bonden frå Kviteeid i Telemark, Tormod Knudsen Borgjordet, tok i 1845 til orde for ein paragraf. Målet var å gi lekmenn eit handlingsrom til å verke som forsvararar i sitt tinglag. Portrett henta frå Wikimedia Commons.

Komiteforslaget, og Uelands forslag til paragraf, avla som vist «temmelig vidløftige og ivrige Debatter». ⁷⁷ Då Anton Martin Schweigaard slo fast at forslaget frå Ueland saboterte heile det aktuelle lovarbeidet, kontra Ueland med at folkelege forslag alltid møtte motstand og misnøye i Stortinget.⁷⁸ Daa avviste forslaget til Ueland som farleg politikk som kunne ende med å køyre landet i grøfta.⁷⁹ Men Daa kunne til slutt puste letta ut – forslaget frå bondeleiaren enda med eit mindretal på 17 stemmer i Odelstinget.⁸⁰ Votumet viser likevel at fleire andre var einige med Ueland om at bygdesakføraren kunne spele ei konstruktiv rolle mellom den tiltalte og dommaren, og det er tydeleg at liberale borgarar i opposisjonen frykta eit slikt totalt frislepp.

Odelstingsvedtaket gjekk vidare til Lagtinget. Då kom Borgjordet med eit innspel der han peika tilbake til handlingsrommet i § 14 i Rettspleieforordning II frå 1735. Øvrigheten hadde høve til å «bemyndige Andre i Districtet bosatte Mænd til Sagers Udførelse ved Underretten», og slik måtte det framleis vere, meinte Borgjordet.⁸¹ Dette var ein meir smålåten versjon av Ueland sitt forslag. Borgjordet meinte at øvrigheten framleis skulle ha siste ord dersom nokon frå allmugen skulle få verke som forsvarar. Ifølgje *Storthings-Efterretningene* hadde Borgjordet sterke representantar i Lagtinget i ryggen, som John Neer-

77. Halvorsen & Cappelen 1893: 690.


78. Halvorsen & Cappelen 1893: 690.

79. Halvorsen & Cappelen 1893: 690.

80. Od. Th. 19.06.1845: 127.

81. Lagth. 30.06.1845: 186; Farstad 2020.

gaard, Peder Fauchald og Haagen Bergh.⁸² Forslaget fekk også fleirtal, med 11 mot 10 stemmer. Fleirtalet i Lagtinget meinte altså at lekfolk hadde juridisk kompetanse som gjorde dei til verdige rettshjelparar i landdistrikta. Men dei skilde seg frå synet til Ueland, ettersom dei meinte at slike framleis skulle vere under positiv kontroll, altså prisgitte godkjennung frå øvrigheita. På ein måte representerte forslaget ein kontinuitet frå einveldet; på den andre sida var det eit progressivt forslag fordi det eksplisitt formulerte at lekmenn i landdistrikta kunne få løyve, noko tidlegare reglar ikkje hadde gjort.⁸³ Forslaget kan illustrere at Borgjordet sjølv hadde erfart at dei gamle lovene i praksis hadde opna for eit handlingsrom som var verd å hegne om. Den nye lova såg altså ut til å snevre inn dette rommet.



Illustrasjon 5. Ueland brukte historia som argument då han la fram forslag om å gi kvar «uberygget Mand» lov til å gå i rette for andre. Han viste til Magnus Lagabøtes Landslov. Utsnitt av lova (handskriftet AM 305 fol, bl. 10v, ført i penna av Torgeir Håkonsson ca. 1300)

Henta frå Wikimedia Commons.

82. Halvorsen & Cappelen 1893: 691. Neergaard viste seg altså som mindre radikal i dette spørsmålet enn Ueland, noko som er overraskande sett i lys av Neergaards lokale praksis som juridisk aktivist på 1830-talet. Han la også fram det moderate forslaget til Soelvold i 1833, som foreslo framleis krav om eksamen. Neergaard skal også ha uttalt at embetsprokuratorar var «Varger, der flaar [...] bønder», så han var definitivt for å fjerne kravet om løyve frå kongen, sjå Farstad 2020. Det er mogleg at Neergaard som organisk intellektuell såg annleis på verdien av utdanning enn mange allmugefolk, sjå Farstad 2019: 112ff. Neergaards variasjon i denne saka kan stemme med ein karakteristikk av den kjente mannen bak *Ola-boka*: «... helt vanskelig at blive klog på ...», sjå Koht 1906: 74.

83. I Rettspleieforordning II var det berre opent for slik løyve dersom det kunne gjerast for billigare betaling, eller dersom embetsprokuratoren ikkje var tilgjengeleg av diverse grunnar. Farstad 2020.

I det originale utkastet frå komiteen var ikkje bruk av «anden duelig Mand» ved spesielle høve nemnt, slik det var i dei gamle reguleringane, sist frå 1820-talet.⁸⁴ Men Odelstinget stemte ned paragraftillegget frå Lagtinget, fordi fleirtalet meinte at eit slikt handlingsrom allereie eksisterte i det gjeldande utkastet – sjølv om det ikkje sto i teksten. Truleg var tanke om ein auke i mengda juristar med løyve ville svekke behovet for å bruke lekmenn som forsvararar i det heile. Representantar i Odelstinget sa dessutan at viss Borgjordet hadde som mål å gjere det mogleg for ein amtmann å «beskikke» kven som helst til sakførar, «vilde Anmærkningen være skadelig og nedbryde Loven».⁸⁵ Dei frykta altså at paragrafforslaget til Borgjordet hadde som mål å oppnå det same som Uelands forslag i praksis. Fleirtalet i Odelstinget tok utan tvil avstand frå å opne for eit større handlingsrom for folk utan juridisk eksamen.⁸⁶ 12. juli 1845 blei lovutkastet frå komiteen endeleg vedtatt. Lova fjerna kravet om kongeleg løyve for juristar som ville drive sakførarpraksis, men heldt fram med krav om juridisk eksamen. Det blei for radikalt for den ferske kong Oscar, som nekta sanksjon.

1848: Sanksjon – og grunnlag for ei ny mellomklasse

Våren 1848 kom ein proposisjon til ein ny, modifisert lov, med utgangspunkt i den vedtatte lova frå førre storting. Debattane i den lovgivande forsamlinga handla då ikkje om å fjerne kravet om juridisk eksamen, men om å hegne om nye rammer for «Frihed» for sakførarane.⁸⁷ Eksamenskravet var ferdigdebattert. Den moderate lova blei sanksjonert 19. august 1848. Hovudoppgåva til Dunker konkluderer med at den endelige sakførarlova var eit resultat av kompromiss.⁸⁸ Delar av Stortinget, og kongen og regjeringa, gjekk med på det moderate forslaget for å demme opp for dei radikale forslaga om totalt frislepp. Dette synet må bli sett i lys av Februarrevolusjonen på kontinentet same år, presiserer Dunker. Rinde peikar i tillegg på at vedtaket var støtt av «en prinsipiell argumentasjon som vant gjenklang også i regjeringen og dens nærmeste omgivelser».⁸⁹ I tillegg til frykt for ei radikal utvikling var altså dei liberale straumdraga i samtida viktig for gjennomslaget av den moderate lova. Begge desse forklaringane svarar på kvifor ei såpass liberal lov blei vedtatt og sanksjonert. Eit oppfølgingsspørsmål er interessant: Kvifor fekk ein ikkje gjennomslag for totalt frislepp på Stortinget, sjølv om denne linja blei foreslått av bønder frå 1815 fram til 1845?

Ei forklaring kan vi altså finne i erfarringsgrunnlaget til dei liberale borgarane i opposisjonen, som etterkvert posisjonerte seg som frontmenn i debatten om ny sakførarlov. Daa, Lerche og Bjerregaard var ikkje organisk knytte til allmugen i landdistrikta. Dei hadde vakse opp utanfor kjøpstadiane, men var alle av embetsslekt. Deira medvit var i mindre grad forma av praksisen på bygdetinga. Avstanden mellom dei liberale borgarane i opposisjonen og dei lokale erfaringane til bøndene kan ha gjort eit totalt frislepp mindre spiseleg.

Fleire liberale borgarar ser ut til å ha hatt eit mål om å skape ein liberal mellomklasse som kunne bli ein maktfaktor, mellom anna inspirert av juristen Christian Krohg.⁹⁰ Det var

84. § 5, sjå Od. Th. 02.05.1821: 460 samt i referentlova frå 1827; det var i utkastet frå 1845 § 6 formulert at «Offentlige Sager udføres for Underretten ved de Personer, som af Amtmanden dertil antages ...», sjå Od. Th. 18.06.1845: 126. I 1845 var referentlova gjeldande, og dermed er det nærliggande å tru at paragrafen ikkje retta seg mot mange saker. Det er dessutan sannsynleg at så lenge mengda sakførarar med løyve auka, som var tilfellet etter 1850, blei det reelle behovet for rettshjelp dekka, og det blei mindre behov for «Personer» utan sakførartittel.

85. Halvorsen & Cappelen 1893: 691.

86. Od. Th. 05.07.1845: 337.

87. Rinde 2008: 71.

88. Dunker 2005: 112.


89. Rinde 2008: 68.

90. Daa «ble varig påvirket av [Christian] Krohgs engelske whig-ideal om et demokrati fundert på en opplyst middelstand av borgere og jordeiere». Krohg var ein sterk autoritet blant norske juristar og hadde mellom anna ansvar for arbeidet med ny kriminallovbok fram til slutten av 1820-talet. Storsveen 2009 og Mardal 2019.

ikkje plass til dei ufaglærte bondene i denne nye mellomklassa. Fleirtalet på Stortinget på 1840-talet såg på erfaringane til dei ufaglærte frå landdistrikta som hemmande for deira visjon for norsk statsutvikling. Dessutan såg truleg mange juristar at retten stadig utvikla seg i retning av eit meir lukka system. Då kunne bruken av ufaglærte rettshjelparar vere ein trussel mot rettstryggleiken i framtida. Argumenta frå bondene tapte i møte med ideen om rettsvitenskapens rolle i systemet – kombinert med maktønsket til dei som meistra den lærde retten.

Som borgarar med utdanning meistra Daa, Lerche og Bjerregaard dessutan retorikken og forma som måtte til for å bli teken på alvor i stortingssalane. Som vist kom bondene til kort med sine forslag om totalt frislepp fordi dei strevde med å forstå det retoriske paradigmet på Stortinget fram mot 1840-åra. Med Ueland kom ein ny generasjon av bondepolitikarar som hadde meir innsikt i desse kodane, noko hans votum frå debattane på 1840-talet illustrerer. Likevel blei forslaget hans om totalt frislepp møtt med motstand frå majoritetten. Sjølv innhaldet i forslaga ser altså ut til å ha vore avgjerande for at ideane frå landdistrikta ikkje fekk fleirtal.

Vi kan vidare dra ei linje til opposisjonsdynamikken på Stortinget etter 1850. Å studere maktinteraksjonen på denne tida i lys av 1848-lova går utover ramma for artikkelen, men eg vil likevel foreslå eit par trekk. Lova førte til ei kraftig auke i mengda juristar med sakførarloyve, frå omkring 100 i 1848 til 550 på slutten av hundreåret.⁹¹ Den ekskluderte dei som ikkje hadde høve til å ta juridisk eksamen, frå eit handlingsrom – som aktør i rettssystemet, men også som potensiell politikar med profesjonstittel. Dette blei også nemnt som eit argu-



Illustrasjon 6. Satirebladet *Vikingen* trykte i 1873 denne karikaturen av Johan Sverdrup, sakførar og seinare statsministar, og Søren Jaabæk, mannen bak bondevenrørsla. Alliansen mellom dei er tydeleg. Redaktøren for *Morgenbladet*, avis som truleg var opphavet til kallenamnet «Sagførerpartiet», står saman med to embetsmenn som representantar for regjeringa.

Henta frå forskingsbloggen www.skillingsviser.no ved NTNU, «Trymmen sin skål» og Søren Neibæk» (18.09.2019).

91. Myhre 2011: 78.

ment for den nye lova i komitemeldinga frå 1845: Når ein betrakta saken frå «den constitutionelle Side», var det eit gode at ein no fekk «en Klasse af praktiske Lovkyndige», fordi «Rækken af Storthingskandidater blive forøget med et nyt Led».⁹² Resultatet av lova blei altså eit større politisk handlingsrom for ein mellomklasse av juristar som skulle sette sitt preg på norsk statsutvikling i siste del av 1800-talet. Opposisjonskonstellasjonen med Johan Sverdrup og Søren Jaabæk i spissen fekk merkelappen «Sagførerpartiet» i 1860- og 70-åra.⁹³ Sjølv om langt ifrå alle opposisjonsrepresentantane var forsvararar, illustrerer namnet at lova frå 1848 førte til utvida makt for ei gruppe av juristar. Det er dessutan verd å peike på at bøndene, illustrert ved Jaabæk, var ein del av denne konstellasjonen – som rett nok var flyktig, men mektig.

Konklusjon

Artikkelen viser at det var fleire stortingsbønder som foreslo å sleppe sakførarnæringa fri for krav om juridisk eksamen og løyve frå kongen mellom 1815 og 1845. Forslaga var ofte enkelt formulert og bar preg av bøndenes praktiske erfaringar frå tingstovene i sine heimdistrikta. Bøndene fekk aldri gjennomslag for totalt frislepp. Artikkelen foreslår at det likevel var bonderepresentantar som heldt liv i debatten om liberalisering av sakførarreguleringar frå 1815 fram mot 1840-talet. Desse initiativa, kopla til den lokale rettskulturen i bøndenes lokale tinglag, er ei viktig brikke for å forstå kvifor vi fekk ei av Europas mest liberale sakførarlover i 1848.

Bøndene streva altså med å få gjennomslag for dei radikale liberaliseringsforslaga i Stortinget. Initiativa var spreidd utover i tid og prega av svak samordning. Tydelege stemmer på bondestortinga, som John Neergaard, hadde ikkje saka høgt oppe på lista. Det var truleg avgjerande for ei vellukka mobilisering. Delvis var grunnen også at bøndene ikkje meistra det retoriske paradigmet på Stortinget. Forslaga frå landdistrikta trua også embetsmannshegemoniet i den unge staten. Dei saboterte for visjonen til mektige aktørar som særleg gjorde seg gjeldande i statsstyringa frå 1830-talet og meinte at makta over staten burde høyre til dei som hadde høgare utdanning. Frå 1830-talet var det opposisjonens liberale borgarar med utdanning som sette det sterkeste preget på debatten, og meir radikale forslag blei stadig stempla som ein trussel mot ein velfungerande stat. Liberalistisk ideologi og vekt på verdien av profesjonsutdanning trumfa til slutt både dei folkelege erfaringane frå rettskulturen i landdistrikta og den reaksjonære politikken til somme embetsmenn. Som konsekvens blei det politiske og rettslege handlingsrommet til ufaglærte bønder svekk i kraft av lovene som blei vedtatt.

Debattane om ny regulering av sakførarnæringa var dei første åra etter 1814 prega av skiljelinja mellom politiske bønder og embetsmenn. Debatten delte seg seinare mellom dei som ønskte å hegne om linja frå privilegiesamfunnet, dei som såg meining i å rette seg etter samtidas liberalistiske straumdrag og kunnskapsideal, og dei som meinte at alle lekmenn burde ha tilgang til denne yrkesvegen. Skiljet mellom dei to sistnemnte gjekk då på tvers av opposisjonen, i tillegg til å inkludere nokre konservative embetsmenn på Stortinget. Den moderate linja til dei liberale borgarane hadde dessutan etter kvart støtte i delar av regjeringsa, som også ønskete ei utvikling i tråd med liberalistiske prinsipp. Dette samspelet mellom posisjon og opposisjon på 40-talet samt trusselen om at bondeinitiativa faktisk kunne føre til gjennomslag, resulterte i endeleg sanksjon.

92. Od. Th. 18.06.1845: 121.

93. Gjerdset 2016: 26; Koht presiserer at det var *Morgenbladet* som gav opposisjonen dette namnet, men at det var fleire enn berre sakførarane som var med. Likevel seier det noko om dei framste aktørane at riksavisen hekta nettopp dette kallenamnet på opposisjonen. Koht 1922: 9.

34 år etter den nye forfatninga blei det fleirtal i Stortinget for å kutte bandet mellom kongen og sakførarane. Som vist hadde det blitt presentert forslag i den retninga heilt sidan 1815. Lova gav grunnlag for ein ny mellomklasse av juristar og sette i praksis ufaglærte bønder på sidelinja. Den nye mellomklassa påverka ikkje berre rettskuluren på alle nivå, men også den politiske kuluren. Juristar fekk tilgang til ein profesjon med innflytelse, og vegen var ofte kort til å bli valt som stortingsrepresentant. Dette la nye premiss for endringar i Noreg i siste halvdel av hundreåret.

Vidare førte den nye sakførarlova til styrkt rettstryggleik i Noreg. Frå 1848 fekk rettssubjekt eit større handlingsrom når dei skulle velje sin forsvarar, som ikkje lengre sto i lojalitet til statsmakta. Det stadig meir profesjonaliserte rettssystemet gjorde at fleire blei avhengige av ein sakførar, og den nye lova opna for friare tilgang på slike enn før. Det reelle behovet for rettshjelp blei ikkje lenger møtt av kongens embetsmenn og, i nokre tilfelle, lekmenn som verka i gråsona av dei gamle lovene. Ein større mengde lærde juristar skulle no fylle rolla som forsvarar for rettssubjekt i Noreg.

Takk til Nils Ivar Agøy, Hilde Sandvik, Knut Kjeldstadli og Kristian Holen Nymark for nyttige innspel under arbeidet med artikkelen.

Litteratur og prenta kjelder

- Brovold, I. (1991). *John Neergaards Liv og Virken*. Utgiven av Nils Tore Leivdal. Bud: Nota-trykk, 1991.
- Bärens, J. H. (1820). *Formularer til Contracter, Skjøder, Veksler- og andre Obligationer, Veksler, Opsigelser, Samfrænde-Stiftebreve, Afkald, Testamente, Reverser, Leie- og Lærecontracter, Skudsmaal, Attester, Sø- og Handelsdocumenter, Certepartier, Bodmeriebreve, adskillige Ansøgninger m.v. tilligemed Underretning om det practiske Forhold ved slige Documenter*. Kjøbenhavn: Soldin.
- Bull, I. (2014). «Politisk kultur i stiftsbyene». I I. Bull og J. Maliks (Red.), *Riket og regionene: Grunnlovens regionale forutsetninger og konsekvenser* (s. 134–174). Trondheim: Akademika Forlag.
- Dunker, C. B. (2005). *Fra Thingstud til sakfører: prokuratorlovgivningens utvikling fra 1814 til 1848* (Hovudoppgåve). Oslo: Universitetet i Oslo.
- Farstad, E. M. (2019). *Myndige bønder fra Romsdals amt: ein nærstudie av seks stortingsrepresentantar og verknaden av haugerørsla* (Masteroppgåve). Oslo: Universitetet i Oslo.
- (2020). «Regulert rettshjelp i Romsdals Amt». *Heimen*, 2020(4). 267–286. <https://doi.org/10.18261/issn.1894-3195-2020-04-02>
- Gjerdset, G. L. (2016). *Fra stortingets konge til kongens mann: Johan Sverdrup som regjeringsjef (1884–1889)* (Masteroppgåve). Oslo: Universitetet i Oslo.
- Halvorsen & Cappelen (Red.). (1893). *Storthings-Efterretninger: 1836–1854: udgivne efter offentlig Foranstaltung. 2: Forhandlingerne paa tiende ordentlige Storting 1842 og elevte ordentlige Storting 1845*. Christiania: Jacob Dybwad.
- Haukaas, K. (1992) *Den norske rettslitteraturen – og dei som skreiv han: [et uferdig manuskript]*. Oslo: Det juridiske fakultetsbibliotek.
- Hommerstad, M. (2012). *Politiske bønder: bondepolitikk og Stortinget 1815–1837* (Doktoravhandling). Oslo: Universitetet i Oslo.
- (2019). «Den dømmende offentlighet». I R. Hemstad og D. Michalsen (Red.), *Frie ord i Norden? Offentlighet, ytringsfrihet og medborgerskap 1814–1914*. Oslo: Pax Forlag.
- Hyvik, J. J. (2016). *Tokulturlæra i norsk historie*. Oslo: Samlaget.
- Johansen, A. (2019). *Komme til orde: politisk kommunikasjon 1814–1914*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Koht, H. (1906). *Bondestrid – smaa segner og uppskrifter fra Nordmøre*. Oslo: Aschehoug.
- (1922). *Johan Sverdrup. 2: 1870–1880*. Oslo: Aschehoug.
- Kjeldstadli, K. (1999). «Bilologiens tid. Randbemerkninger om viten og venstrestat». I E. Rudeng (Red.), *Kunnskapsregimer: debatten om De nasjonale strateger*. (s. 14–151). Oslo: Pax forlag.
- Langeland, N. R. (2005). *Siste ord: Høgsterett i norsk historie 1814–1965. B. 1: 1814–1905*. Oslo: Cappelen.

- Mardal, M. A. (2019). «Christian Krohg – jurist og politiker». I *Norsk Biografisk Leksikon* på snl.no. Henta 18.08.2021 fra https://snl.no/Christian_Krohg_-_jurist_og_politiker
- Museum for universitets- og vitenskapshistorie, Universitetet i Oslo. (22.03.2021). Studentmatrikkelen. Henta 18.08.2021 fra <https://www.muv.uio.no/samlinger/studentmatrikkelen/index.html>
- Myhre, J. E. (2011). *Kunnskapsbærerne 1811–2011: akademikere mellom universitet og samfunn*. Oslo: Unipub.
- Nordby, T. (2004). *I politikkens sentrum*. Oslo: Universitetsforlaget.
- (1999). «I Runes verden. Noen små bemerkninger til et stort verk». I E. Rudeng (Red.), *Kunnskapsregimer: debatten om De nasjonale strateger*. (s. 94–104). Oslo: Pax forlag.
- Norsk Senter for Forskningsdata. Data om det politiske systemet: Politikerarkiv 1814–1905. Biografier: John Gunderson Neergaard. Henta 18.08.2021 fra https://nsd.no/polsys/index.cfm?urlname=storting&lan=&MenuItem=N1_1&ChildItem=&State=collapse&UttakNr=33&person=12138
- Næss, H. E. (2008). «De første prokuratorene». I H. E. Næss, H. Rinde og H. Espeli (Red.), *Våpendrager og veiviser: advokatenes historie i Norge*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Nymark, K. H. (2020). *Kampen om trykkesfriheten. Karl Johan og den norske presse 1814–1844* (Doktoravhandling). Bø: Universitetet i Sørøst-Norge.
- Rinde, H. (2008). «En næring vokser frem». I H. E. Næss, H. Ringe og H. Espeli H. E Næss, H. Rinde og H. Espeli (Red.), *Våpendrager og veiviser: advokatenes historie i Norge*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Sandvik, H. (2002). *Kvinners rettslige handleevne på 1600- og 1700-tallet, med linjer fram til gifte kvinnernas myndighet i 1888*. Oslo: Det historisk-filosofiske fakultet, UiO.
- (2014). «Om Grunnlovens § 94 og rettsinformasjon». Henta 18.08.2021 fra https://lovdata.no/artikkel/om_grunnlovens_%C2%A7_94_og_rettsinformasjon/1399
- Schou, J. H. (1795). *Chronologisk Register over de Kongelige Forordninger og aabne Breve samt andre trykte Anordninger som fra aar 1670 af ere udkomne: tilligemed et nøiagtigt Udtog af de endnu gieldende, for saavidt samme i Almindelighed angaae Undersaatterne i Danmark og Norge: forsynet med et alphabetisk Register. 3: Som indeholder K. Christian VI Frr. fra 1730 til 1746*. Breum.
- Schweigaard, A. M. (1879). *Den norske Proces. 1*. Christiania: Det Mallingske Bogtrykkeri.
- Seip, J. A. (1997). *Utsikt over Norges historie: tidsrommet 1814–ca. 1860, tidsrommet ca. 1850–1884*. Oslo: Gyldendal.
- Sejersted, F. (1984). *Demokrati og rettsstat*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Sennefelt, K. (2001). *Den politiska sjukan: Daluppröret 1743 och frihetstida politiska kultur*. Hedemora: Gidlunds Förlag.
- Slagstad, R. (2001). *De nasjonale strateger*. Oslo: Pax Forlag.
- Sterten, H. (2004). «Anders Bertelsen Aasved: ein politisk radikalar frå Kvam på tidleg 1800-tal». *Nåkkå tå kvart: årbok for Kvam historielag*, 2004, 21–27. Steinkjer: Kvam historielag.
- Storsveen, O. A. (2009). «Ludvig Kristensen Daa». I *Norsk biografisk leksikon* på snl.no. Henta 18.08.2021 fra https://nbl.snl.no/Ludvig_Kristensen_Daa
- Stortingsforhandlinger* (Od. Th. og Lagth.) henta fra www.nb.no/statsmaktene samt Stortinget.no sin søkemotor «Finn saken».
- Sunde, J. Ø. (2019). *Speculum legale – rettsspegele: ein introduksjon til den norske rettskulturen si historie i eit europeisk perspektiv*. Bergen: Fagbokforlaget.
- (2009). «‘Enhver Borger har ret til at fordre Sikkerhed af Staten’ – Ordningsa med offentleg forsvarar mellom 1735 og 1775». I J. P. Rui (Red.), *Rettshjelp frå kyst til vidde – festskrift til juss hjelpe i Nord-Norge 20 år*. Oslo: Gyldendal Akademisk Forlag.
- Thime, T. (1991). «Fra bygdeting til herredsrett». I H. E. Næss (Red.), *For rett og rettferdighet i 400 år: sorenskriverne i Norge 1591–1991*. Oslo: Fabritius Forlag og Justisdepartementet.
- Timme, F. (1842). *Kongelige Forordninger, aabne Breve og andre trykte Anordninger for Norge: udkomne i Tidsrummet 1648–1814. 2: Inneholdende Aarene 1771–1814*. Cappelen.
- Try, H. (2020). «Det store bryllaupet på Reiersdal i 1820. Ein sosialhistorisk studie». I *Heimen* 2020(1), 67–78. Oslo: Universitetsforlaget og Scandinavian University Press.
- Østvedt, E. (1945). *Christian Magnus Falsen: Linjen i hans politikk*. Oslo: Aschehoug.
- Aavatsmark, O. S. (1954). *Hans Barlien: en norsk bondefører*. Trondheim: Karoliussens bokh., Namsos.